



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato
04.02.2015
Dykkar dato
20.01.2015

Vår referanse
2014/15110 732.1
Dykkar referanse
15/144

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Melding om tilskot til oppfølging av handlingsplan for forebygging av uønskete svangerskap og abort - prosjektmidler 2015 – kapittel 762 post 73

Fylkesmannen løyver med dette kr. 100 000,- til oppstart av ny helsestasjon for ungdom på Manger. Tilskotet gjeld berre 2015 utan lovnad om tilsvarande tilskot i åra som kjem. Vi gjer og merksam på at de ikkje kan bruke turnuskandidat som lege på helsestasjonen.

Vi minner om følgjande vilkår for tilskot og ber om at de sender vedlagde svarskjema underskrive tilbake til Fylkesmannen snarast.

- Rekneskap per 31.12.2015 må leverast seinast 31.03.2016. Rekneskapen skal setjast opp slik at han kan samanliknast med budsjettet og vise korleis tilskotsmidlane er brukte. For tilskot over 100 000 kroner må rekneskapen vere godkjend av autorisert revisor.
- Vi kan ikkje betale ut nytt tilskot før vi har fått og godkjent rapport med rekneskap for eventuell tildeling året før. Tilskot som blir overført frå eitt år til eit anna, blir trekt frå den neste løyvinga. Fristen for rapport for 2014 er 31.03.2015.
- Vi gjer merksam på at tilskotet frå staten er meint som starthjelp og ikkje kan påreknast i all framtid. Det er forventa at kostnadene til tiltaket etter kvart blir innlemma i kommunen eller institusjonen sitt ordinære budsjett.

Tildeling eller avslag er enkeltvedtak som gir klagerett etter [forvaltningslova § 2, første ledd, bokstav a og b](#).

Send klage til Fylkesmannen innan tre veker etter at de har fått tildelingsbrevet. Helse- og omsorgsdepartementet er overordna klageinstans.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Grete Riise
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesmannens referanse: 2014/15110

Stadfesting av mottatt tilskot til oppstart av ny helsestasjon for ungdom på Manger

Organisasjonsnummer:

Kontonummer for innbetaling:

(NB! Dersom kontonummeret blir endra i løpet av året, må Fylkesmannen snarast få melding om endringa.)

Namn, adresse og telefonnummer på prosjektleiar/økonomiansvarleg:

--	--	--

Vedteke tilskot på kr. 100 000,- over statsbudsjettets kapitel 762 post 73 for budsjettåret 2015 til oppstart av ny helsestasjon for ungdom på Manger.

Vi stadfester med dette å ha lese og godtatt dei vilkåra som er gitt i tilskotsbrev av 4.2. 2015.

Dato og underskrift prosjektansvarleg/økonomiansvarleg:

--	--